



# ULSTEIN KOMMUNE

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Ulstein rådhus  
**Dato:** 18.06.2019  
**Tid:** Kl. 13:00

---

### Medlemmar som møtte

Renathe Rossi-Kaldhol  
Knut Erik Engh  
Knut Kleiven  
Tor Meinseth  
Steinar Torvik  
Pål Grødahl

### Representerer

Ap  
Frp  
H  
H  
KrF  
V

### Funksjon

medlem  
ordfører  
medlem  
medlem  
varaordfører  
medlem

### Forfall

Lisa Mari Breivik Anderson

### Representerer

Sp

### Varamedlem

Morten Feiring, SV

### Frå administrasjonen

Arne Runar Vik  
Gry Nordal  
Kari Riise  
Marit Botnen  
Rune Urke  
Svein Arne Orvik  
Verner Larsen

### Underskrifter:

Knut Erik Engh  
ordfører

Svein Arne Orvik  
møtesekretær

Renathe Rossi-Kaldhol

Steinar Torvik

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
63/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10505
64/19	Godkjenning av protokoll	19/10505
65/19	Orienteringar	19/10505
66/19	Referatsaker	19/10505
1	Melding om byggekostnad	19/10325
2	Kommunal overtaking av fiskerihamna i Ulsteinvik	19/10503
3	Kommunalt næringsfond -Informasjon om fylkeskommunale reglar	19/10518
67/19	Delegerte saker	19/10505
68/19	Finansrapport 1.tertial 19	19/10398
69/19	Tertialrapport 1. tertial 2019	19/10164
70/19	Interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt på Sunnmøre	19/10155
71/19	Interkommunalt samarbeid om psykologteneste	19/10090
72/19	Prosjektet felles helseplattform	19/10149
73/19	Nattlegevakt/legevaktsentral	19/10158
74/19	Ulshav AS - samanslutning med Furene AS	19/10241
75/19	Bidrag til tv-aksjonen 2019	19/10417
76/19	Forprosjekt innovasjonslab i Ulstein kommune	19/10436
77/19	Førarlaus buss - vidareføring etter forprosjekt	19/10435
78/19	Innspel til ruteendringsprosessen for kollektivtrafikk 2020	19/10439
79/19	Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)	19/10164
80/19	Oppstart av arbeid med levekårsplan 2020 - 2032	19/10379
81/19	Ulstein fjernvarme AS - tilføring av kapital	19/10456
82/19	Søknad om midlar til Personboka 2020	19/10141
83/19	Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena	19/10213
84/19	Bygge ny 4-mannsbustad Ringen	19/10324
85/19	Oppgradere Kyrkjegata 27 med investeringsmidlar	19/10322
86/19	Parallelløppdrag Sentrum - Ulshaugen - Holvekerdalen -Løyving midlar	19/10243
87/19	Kjeveortopedanre AS Stønad - næringsfond	19/10518
88/19	Brygga Sportsbar - Søknad Næringsfondet	19/10528
89/19	VV Maskin AS - støtte frå næringsfond	19/10531

90/19	Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling	19/10587
91/19	Tilsetjing - Kommunalsjef organisasjon og utvikling	19/10703

Ulsteinvik, 18.06.2019

Knut Erik Engh  
ordfører

## **63/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Innkallinga og saklista vart godkjende med tillegg av desse ettersende sakene:

#### Referatsaker:

- Kommunal overtaking av fiskerihamna i Ulsteinvik
- Kommunalt næringsfond -Informasjon om fylkeskommunale reglar

#### Politiske saker:

- Parallelløppdrag Sentrum - Ulshaugen - Holsekerdalen - Løyving midlar
- Kjeveortopedanre AS Stønad - næringsfond
- Brygga Sportsbar - Søknad Næringsfondet
- VV Maskin AS - støtte frå næringsfond
- Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling
- Tilsetjing - Kommunalsjef organisasjon og utvikling

### **Behandling:**

## **64/19 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Protokollen frå møtet 14.5.2019 vart godkjend utan merknad.

## **65/19 Orienteringar**

### **Vedtak:**

Ingen orieinteringar

## **66/19 Referatsaker**

### **Vedtak:**

Referatsakene vert tekne til vitende.

### **Behandling:**

### **1 Melding om byggekostnad**

### **2 Kommunal overtaking av fiskerihamna i Ulsteinvik**

### **3 Kommunalt næringsfond -Informasjon om fylkeskommunale reglar**

#### **67/19 Delegerte saker**

**Vedtak:**

Ingen saker.

#### **68/19 Finansrapport 1.tertial 19**

**Vedtak:**

Finansrapport for 1.tertial 2019 vert teken til vitande.

**Behandling:**

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Finansrapport for 1.tertial 2019 vert teken til vitande.

#### **69/19 Tertialrapport 1. tertial 2019**

**Vedtak:**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1.tertial 2019.
2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	Ansva	
	1528	1011
Løn/pensjon/arb.g.avg.	-351 000	351 000
Informasjon	-150 000	150 000
Inng.mva	-37 500	37 500
Ref. mva	37 500	-37 500

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

Skule	Beløp
Haddal	kr 32 110
Hasund	kr 128 441
Ulstein	kr 36 697
Ulsteinvik	kr 302 752

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.

5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.

6. Kr. 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» omdisponerast til å investere i gangbru over Sauneselva. Resterande beløp (kr. 1.806.250) nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån.

#### Behandling:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1.tertial 2019.
2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	Ansva	
	1528	1011
Løn/pensjon/arb.g.avg.	-351 000	351 000
Informasjon	-150 000	150 000
Inng.mva	-37 500	37 500
Ref. mva	37 500	-37 500

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

<b>Skule</b>	<b>Beløp</b>
<b>Haddal</b>	<b>kr 32 110</b>
<b>Hasund</b>	<b>kr 128 441</b>
<b>Ulstein</b>	<b>kr 36 697</b>
<b>Ulsteinvik</b>	<b>kr 302 752</b>

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.

5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.

6. Kr. 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» omdisponerast til å investere i gangbru over Sauneselva. Resterande beløp (kr. 1.806.250) nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån.

#### **70/19 Interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt på Sunnmøre**

##### **Vedtak:**

Ulstein kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram ei eiga sak for godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jf. kommunelova § 28.

For 2019 kan kostnader knytt til barnevernsvakt dekkast av prosjektmidlar. For 2020 og vidare må tiltaket inn i økonomiplanen. Modell for kostnadsfordeling kjem i vertskommuneavtalen. Alternativ med ulik kostnadsfordeling er vist i saksutgreiinga og ligg rundt 350 000.

Kommunestyret ber om at administrasjonen rapporterer tilbake om erfaringane i samband med årsrapporteringa for 2020.

##### **Behandling:**

Framlegg frå Pål Grødahl om tillegg:

Kommunestyret ber om at administrasjonen rapporterer tilbake om erfaringane i samband med årsrapporteringa for 2020.

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

Tilleggsframlegget frå Grødahl vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

##### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram ei eiga sak for godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jf. kommunelova § 28.

For 2019 kan kostnader knytt til barnevernsvakt dekkast av prosjektmidlar. For 2020 og vidare må tiltaket inn i økonomiplanen. Modell for kostnadsfordeling kjem i vertskommuneavtalen. Alternativ med ulik kostnadsfordeling er vist i saksutgreiinga og ligg rundt 350 000.

## **71/19 Interkommunalt samarbeid om psykologteneste**

### **Vedtak:**

Ulstein kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Hareid, Sande og Vanylven om psykologteneste lokalisert i Ulstein. Ordførar får mynde til å signere vertskommuneavtale med dei andre kommunane etter den malen som ligg ved. Ordførar får mynde til å gjere mindre endringar i denne avtalen.

### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 6 mot 1 røyst.

### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Hareid, Sande og Vanylven om psykologteneste lokalisert i Ulstein.

Ordførar får mynde til å signere vertskommuneavtale med dei andre kommunane etter den malen som ligg ved. Ordførar får mynde til å gjere mindre endringar i denne avtalen.

## **72/19 Prosjektet felles helseplattform**

### **Vedtak:**

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som



eit regionalt utprøvningsprogram.

**Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

**73/19 Nattlegevakt/legevaktsentral**

**Vedtak:**

1. *Kommunestyret vedtek at Ulstein kommune vil halde fram med felles interkommunal legevakt etter flytting av nattlegevakt frå Volda sjukehus til anna teneleg lokalisasjon i området Hovden/Furene.*
2. *Kommunestyret vedtek at det i samband med flytting av nattlegevakta følgjer legevaktssentralen med. Legevaktssentralen blir då ein del av den interkommunale nattlegevakta organisatorisk og det skal ved slik flytting utarbeidast ei revidert avtale med Volda kommune som vertskommune.*
3. *I samband med flyttinga vil det bli ein auke i kostnader knytt til leige av lokale. Om auke i driftskostnaden overstig kr. 300.000,- skal saka handsamast på nytt. Det vil også bli ein investeringskostnad til nytt utstyr med ei kostandsramme på 100 000 kr. Kostnaden må innarbeidast i budsjettet for 2020.*
4. *Pkt. 1-3 forutsett at Ørsta og Volda kommune får på plass ein avtale om felles legevakt for ettermiddag/kveld og helg i tenelege lokale.*

### **Behandling:**

Tilrådinga vart i møtet justert slik at "Om driftskostnaden ..." vert til "Om auke i driftskostnaden ...".

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### **Rådmannen si tilråding:**

1. *Kommunestyret vedtek at Ulstein kommune vil halde fram med felles interkommunal legevakt etter flytting av nattlegevakt frå Volda sjukehus til anna teneleg lokalisasjon i området Hovden/Furene.*
2. *Kommunestyret vedtek at det i samband med flytting av nattlegevakta følgjer legevaktssentralen med. Legevaktssentralen blir då ein del av den interkommunale nattlegevakta organisatorisk og det skal ved slik flytting utarbeidast ei revidert avtale med Volda kommune som vertskommune.*
3. *I samband med flyttinga vil det bli ein auke i kostnader knytt til leige av lokale. Om driftskostnaden overstig kr. 300.000,- skal saka handsamast på nytt. Det vil også bli ein investeringskostnad til nytt utstyr med ei kostandsramme på 100 000 kr. Kostnaden må innarbeidast i budsjettet for 2020.*
4. *Pkt. 1-3 forutsett at Ørsta og Volda kommune får på plass ein avtale om felles legevakt for ettermiddag/kveld og helg i tenelege lokale.*

### **74/19 Ulshav AS - samanslutning med Furene AS**

#### **Vedtak:**

Ulstein kommune godkjenner utkastet til fusjonsavtale med Furene AS slik den ligg føre i vedlegg 1.

### **Behandling:**

Framlegg frå Pål Grørdahl:

Formannskapet kan ikkje tilrå at Ulshav AS går inn i Furene AS slik saka no føreligg. Det er i saka ikkje vist til brukarmedverknad, verken for dei som er brukarar av tilbodet eller organisasjonane. Det er i saksutgreiinga heller ikkje vist til livskonsekvensar for dei som har tilbodet i dag, eller korleis ein ynskjer å løyse framtidige behov for arbeidsplassar i regi av kommunen.

Brevet "Uttalelse frå tiset i Ulshav AS ang. fusjonsprosess og avtale om overdraging av aksjar til Furene AS" vart lagt fram i møtet.

Renathe Rossi-Kaldhol bad formannskapet vurdere gildskapen hennar i saka fordi ho er styremedlem i Ulshav. Formannskapet fann at ho er ugild i saka. Formannskapet fann at ho er ugild, og ho tok ikkje del i handsaminga av saka. Heimelen for dette er forvaltningslova § 6 e, der det heiter at «En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak [...] når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for 1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller 2. et selskap som er part i saken.» Kari Warholm tok sete som vara i saka.

Tilrådinga frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Grødahl. Tilrådinga vart vedteken med 5 mot 2 røyster.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune godkjenner utkastet til fusjonsavtale med Furene AS slik den ligg føre i vedlegg 1.

#### **75/19 Bidrag til tv-aksjonen 2019**

##### **Vedtak:**

Ulstein kommune bidreg med 35 000 kroner til årets tv-aksjon. Bidraget vert dekt over tillegssløvingskontoen til formannskapet.

##### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune bidreg med 35 000 kroner til årets tv-aksjon. Bidraget vert dekt over tillegssløvingskontoen til formannskapet.

#### **76/19 Forprosjekt innovasjonslab i Ulstein kommune**

##### **Vedtak:**

Ulstein kommune støtter arbeidet med etablering av Skaparhus og ein arena for læringslivet slik det er vist i forprosjektet Innovasjonslab i Ulsteinvik. For å få prosjektet i gong er Ulstein kommune innstilt på å garantere for husleigekostander i to år i prosjektet. Føresetnaden er at prosjektplan og budsjett er klar, eller at rammene for kommune sitt bidrag er avklart til medio september.

**Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune støtter arbeidet med etablering av Skaparhus og ein arena for læringslivet slik det er vist i forprosjektet Innovasjonslab i Ulsteinvik.

For å få prosjektet i gong er Ulstein kommune innstilt på å garantere for husleigekostander i to år i prosjektet. Føresetnaden er at prosjektplan og budsjett er klar, eller at rammene for kommune sitt bidrag er avklart til medio september.

**77/19 Førarlaus buss - vidareføring etter forprosjekt****Vedtak:**

Ulstein formannskap tek sluttrapporten for forprosjektet til vitande og ber om at det vert arbeidd for å realisere eit prøveprosjekt med autonome bussar i Ulsteinvik våren 2020 i henhold til planen i forprosjektet.

Ny sak om realisering av prøveprosjektet vert å legge fram til politisk handsaming.

**Behandling:**

Tilleggsframlegg frå Steinar Torvik:

Ny sak om realisering av prøveprosjektet vert å legge fram til politisk handsaming.

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

Framlegget frå Torvik vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Ulstein formannskap tek sluttrapporten for forprosjektet til vitande og ber om at det vert arbeidd for å realisere eit prøveprosjekt med autonome bussar i Ulsteinvik våren 2020 i henhold til planen i forprosjektet.

**78/19 Innspel til ruteendringsprosessen for kollektivtrafikk 2020****Vedtak:**

Ulstein formannskap viser til saksutgreiinga og oppmodar Møre og Romsdal fylkeskommune om å utvide dagens Fram Ekspress tilbod med ny ekspressrute Volda - Furene - Garnes - Moa.

**Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Ulstein formannskap viser til saksutgreiinga og oppmodar Møre og Romsdal fylkeskommune om å utvide dagens Fram Ekspress tilbod med ny ekspressrute Volda - Furene - Garnes - Moa.

#### **79/19 Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)**

##### **Vedtak:**

Ulstein kommune godkjenner at SSIKT kan ta opp kr. 10.775.000 i lån for å finansiere investeringar i 2019.

##### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

##### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommune godkjenner at SSIKT kan ta opp kr. 10.775.000 i lån for å finansiere investeringar i 2019.

#### **80/19 Oppstart av arbeid med levekårsplan 2020 - 2032**

##### **Vedtak:**

Ulstein formannskap startar opp arbeidet med «levokårsplan for Ulstein kommune 2020-2032», jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 11-1 og 11-2. Formannskapet vidaredelegerer sitt mynde som kommuneplanutval for arbeid med levekårsplanen til levekårsutvalet. Dette gjeld t.d. fullmakt til å godkjenne planprogram, å leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe for planarbeidet og elles ha funksjonane som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen.

##### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

##### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein formannskap startar opp arbeidet med «levokårsplan for Ulstein kommune 2020-2032», jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 11-1 og 11-2.

Formannskapet vidaredelegerer sitt mynde som kommuneplanutval for arbeid med levekårsplanen til levekårsutvalet. Dette gjeld t.d. fullmakt til å godkjenne planprogram, å leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe for planarbeidet og elles ha funksjonane som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen.

## 81/19 Ulstein fjernvarme AS - tilføring av kapital

### Vedtak:

Ulstein kommune løyver 8 mill. kr til tilføring av egenkapital i Ulstein fjernvarme AS. Løyvinga vert dekt frå kapitalfondet.  
Midlane vert tilført selskapet med fire mill. kr innan 2. desember 2019 og fire mill. kr innan 31. januar 2020.

### Behandling:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommune løyver 8 mill. kr til tilføring av egenkapital i Ulstein fjernvarme AS. Løyvinga vert dekt frå kapitalfondet.  
Midlane vert tilført selskapet med fire mill. kr innan 2. desember 2019 og fire mill. kr innan 31. januar 2020.

## 82/19 Søknad om midlar til Personboka 2020

### Vedtak:

1. Ulstein formannskap set stor pris på, og ser viktigheita av det arbeidet som Sverre Bjåstad gjer med Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein.
2. Ulstein kommune yter kr 35.000,- til arbeidet. Dette vert finansiert frå tilleggsløyvingane.

### Behandling:

Alternativ 1 og 2 i tilrådinga vart sette opp mot kvarandre.  
Alternativ 1 vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

### Rådmannen si tilråding:

#### Alternativ 1:

1. Ulstein formannskap set stor pris på, og ser viktigheita av det arbeidet som Sverre Bjåstad gjer med Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein.
2. Ulstein kommune yter kr 35.000,- til arbeidet. Dette vert finansiert frå tilleggsløyvingane.

#### Alternativ 2:

1. Ulstein formannskap set stor pris på, og ser viktigheita av det arbeidet som Sverre Bjåstad gjer med Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein.
2. Av budsjettmessige årsaker kan ikkje Ulstein kommune imøtekome søknaden fullt ut. Ulstein kommune støttar prosjektet med å kjøpe bøker til ein verdi av kr 10.000,- Dette vert finansiert frå kulturmidlar til enkelttiltak.

## **83/19 Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena**

### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtek byggekostnaden på Ulstein Arena til kr. 315.978.125. Når midlane frå sal parkeringsplassar og utbetaling av tippemidlar er på plass, skal midlane snarast nyttast til nedbetaling av lån.

### **Behandling:**

Uttalen frå styret i UEKF (med redaksjonell endring til "Kommunestyret vedtek ...") vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Styret i UEKF vedtek byggekostnaden på Ulstein Arena til kr. 315.978.125. Når midlane frå sal parkeringsplassar og utbetaling av tippemidlar er på plass, skal midlane snarast nyttast til nedbetaling av lån.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå dagleg leiar vart samrøystes vedteken.

## **84/19 Bygge ny 4-mannsbustad Ringen**

### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å bygge 4-mannsbustad på kommunal tomt i Ringen. Total investeringsramme: 7,5 mill. kroner. Investeringa blir å finansiere med utbetaling frå forsikring, tilskot frå Husbanken, og investeringsfond i UEKF.

### **Behandling:**

Uttalen frå styret i UEKF (med redaksjonell endring til "Kommunestyret vedtek ...") vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### **Rådmannen si tilråding:**

Styret i UEKF vedtek å bygge 4-mannsbustad på kommunal tomt i Ringen. Total investeringsramme: 7,5 mill. kroner. Investeringa blir å finansiere med utbetaling frå forsikring, tilskot frå Husbanken, og investeringsfond i UEKF.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå dagleg leiar vart samrøystes vedteken.

## **85/19 Oppgradere Kyrkjegata 27 med investeringsmidlar**

### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringskostnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med egne fond.

### **Behandling:**

Uttalen frå styret i UEKF, med redaksjonell endring frå "Styret i UEKF" til "Kommunestyret" vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Styret i UEKF vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringskostnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med egne fond.

### **Fellesframlegg frå styret i UEKF:**

Styret i UEKF vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringskostnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med bundne investeringsfond.

### **Handsaming:**

Fellesframlegget frå styret vart samrøystes vedteke.

## **86/19 Parallelloppdrag Sentrum - Ulshaugen - Holskerdalen -Løyving midlar**

### **Vedtak:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelloppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019. Samla økonomisk ramme for parallelloppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

### **Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelloppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019.

Samla økonomisk ramme for parallelloppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er



føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

### **87/19 Kjeveortopedanre AS Stønad - næringsfond**

#### **Vedtak:**

Næringsfondet har ikkje store midlar til rådighet og vil ikkje kunne innfri søknad om støtte på kr. 150 000.- Men då ein ser at dette kan være ei viktig etablering i Ulsteinvik vil ein yte 50 % av kr. 150 000.- som vil være kr. 75.000.- i støtte.

#### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen (med redaksjonell endring der "prøve å" vert stroke) vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Næringsfondet har ikkje store midlar til rådighet og vil ikkje kunne innfri søknad om støtte på kr. 150 000.- Men då ein ser at dette kan være ei viktig etablering i Ulsteinvik vil ein prøve å yte 50 % av kr. 150 000.- som vil være kr. 75.000.- i støtte.

### **88/19 Brygga Sportsbar - Søknad Næringsfondet**

#### **Vedtak:**

[Inga støtte vedteken.]

#### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen fekk 2 røyster og fall.

#### **Rådmannen si tilråding:**

##### **Tilråding frå rådmannen:**

Med bakgrunn i tilråding frå Robert Voldnes og reglane for tilskot frå Møre og Romsdal fylke vil ein yte tilskot til denne nyetableringa. Formannskapet tildeler tilskot på 50 % av søknadsbeløpet på kr. 150 000.- Maksimalt tilskot vil såleis vere kr. 75 000.- til denne etableringa.

##### **Framlegg frå Renathe Rossi-Kaldhol:**

Formannskapet ber administrasjonen om å komme tilbake til saka i neste møte med bakgrunn i dei fylkeskommunale vilkåra som gjeld for det kommunale næringsfondet. Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei sak om lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Rossi-Kaldhol. Framlegget frå Rossi- Kaldhol vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

### **89/19 VV Maskin AS - støtte frå næringsfond**

#### **Vedtak:**

Næringsfondet yter 30 % støtte av søknadsbeløp på kr. 54 600.- til VV Maskin. Maksimal støtte frå næringsfondet vil då vere kr. 16 380.-

#### **Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Næringsfondet yter 30 % støtte av søknadsbeløp på kr. 54 600.- til VV Maskin. Maksimal støtte frå næringsfondet vil då vere kr. 16 380.-

### **90/19 Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling**

#### **Vedtak:**

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) slik dei ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.

#### **Behandling:**

, foreslått av ,

Framlegg frå ordføraren og Knut Kleiven:

Ulstein kommune styre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022), jf plan- og bygningslova §11-4, med følgande endringar:

1. I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.
2. Pkt 6 - Forbod mot privat fyrverkeri - i tiltakslista for Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) vert teke ut.

Tilrådinga frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå ordføraren og Kleiven. Tilrådinga vart vedteken med 5 mot 2 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) slik dei ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.

**91/19 Tilsetjing - Kommunalsjef organisasjon og utvikling****Vedtak:**

Monica Cecilie Torp vert tilsett som kommunalsjef organisasjon og utvikling.

Ordføraren får mynde til å fastsetje lønn og avtale tilsetjingsdato.

Om Monica Cecilie Torp takkar nei til stillinga, har ordførar og rådmann mynde til å prioritere og tilsetje ein av dei andre søkarane på søkarlista.

**Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Monica Cecilie Torp vert tilsett som kommunalsjef organisasjon og utvikling.

Ordføraren får mynde til å fastsetje lønn og avtale tilsetjingsdato.

Om Monica Cecilie Torp takkar nei til stillinga, har ordførar og rådmann mynde til å prioritere og tilsetje ein av dei andre søkarane på søkarlista.